

Styremøte i Hordaland Folkemusikklag 07.03.2023 kl. 19.00

Til stades på Teams: Per Øyvind Tveiten, Åslaug Timenes Bell og Ingrid Sørheim

1. Gjennomgang av referat frå førre styremøte
2. Fordeling av oppgåver til årsmøtet 12. mars
3. Gjennomgang av saker til årsmøtet

Kommentar til sak 9.3:

For å få eit betre meiningsgrunnlag ynskjer HFL-styret å kartleggja kva medlemene våre meiner om denne saka før styret vurderer saka. Me vil difor senda ut ei spørjeundersøking om Vestlandskappleiken til medlemslaga våre.

Kommentar til sak 10.

Budsjett står ikkje i saklista, men me tek det under sak 10 «Handlingsplan for komande år». Budsjettet er godkjent av styret.

4. Innkomne saker:

HFL har fått spørsmål frå Vestland musikkråd om å nominera kandidatar til deira styre. Per Øyvind tek kontakt med dagleg leiar i Sogn og Fjordane Folkemusikklag Nikolai Storevik om dei har forslag til kandidatar. Viss dei ikkje har det, ser HFL etter kandidatar i Hordaland.

5. Ymse

FolkOrg held på å oppretta ein felles arrangementskalender for heile Noreg.

Møtet slutt 20.00.